

Har du gamle bilete som vil gle andre å sjå?

Ta kontakt med **Atle Lyngstad Ness**, som har ansvaret for Vi ser tilbake-spalta og årsmålsdagane på desse sidene. Du når han kvar tysdag og onsdag i avishuset.



REDAKSJONELL TEKST OG BILETE TIL DESSE SIDENE:


Epost: redaksjon@firda.no || Tlf. 57 83 33 00 || Faks: 57 83 33 34

Adresse: Nært og kjært, Firda, Boks 160, 6801 Førde.

II HELSING



Vidar Hatlem. Hurra for fotball-guten vår som fylte 8 år 15. august. Stor klem frå mamma, pappa, Ingrid, Stian og Hilde.



Wenche Liljedal og Malvin Rysjedal. Laurdag 20. august kjem den store dagen, og i Kvamsøy kyrkje skal det store skje. Det gleder oss å fortelje at endeleg skal det flottaste paret vi veit om gifte seg, nemlig Wenche og Malvin. Kjempeglad i dykk begge! Klem frå Iselin og Even.

Streif langs Jostedalsbreen

111 gjekk turen «Streif langs Jostedalsbreen» søndag. Ruta gjekk den gamle ferdavegen mellom Veitastrond og Fjærland.

To fulle bussar frakta sunnfjordingar og sogningar til vakre Veitastrond søndag morgon. Ferda gjekk på smal veg langs det stille og lange Veitastrondsvatnet og sidan mot bygda lengst der inne mellom fjella og breen.

Inst i dalen vart vi møtt av folket i bygda og ynskt velkomen av Jens K. Nes. Kvinnene serverte oss god heimelaga mat ute i det vakre august-været. Kvit og brun mylse smaka svært godt for langvegsfarande og på tunet til Wenche Hoel vanka det kaffi og svele og omvisning. Gamle jordbruksreiskapar var stilt ut og husa og tunet nyrestaurert.

Aud Marit Hillern heldt eit engasjerande og informativt foredrag knytt opp mot bygda, 1905 og unionsopplø-



111: Eit stort turfølge forlet Veitastrond mot Snaueidalen på veg mot Fjærland søndag 14. august. Den vellykka turen var eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane Turlag, Fylkesmannen, Veitastrond Bondelag og Veitastrond Idrettslag. Alle foto: Privat

singa, for den store hop la ut på ferda på gamal ferdelsveg over fjellet mot Fjærland.

111 personar, vaksne og born ville gå turen med

turleiarane Anders Bøyum og Arild Sandvik frå Fjærland. Første stopp var Vårstolen og vi helsa på geitene før me steig opp og kom inn i

Snaueidalen og den vakre elva Snaueidøla følgde oss heile vegen innover mot Supphelleskaret.

Eit flott syn å sjå over hundre menneske sno seg innover dalen og born som lokka og kosa seg med dei yre geitekilliane, og snudde vi oss innover på den andre sida av elva. Vel inne og oppe i Supphelleskaret kunne vi gå/skli på snøfonna, og snudde vi oss reiste fjelltoppen Kaldakari seg flott i bakgrunnen. Jostedalsbreen følgde oss på vegen, høgt der oppe og somme stader kom brearmene tittande fram, som eit majestetisk syn.

I skaret kunne vi skoda mot fagre Fjærland og fjorden der nede. Turen

nedover gjekk i snø, stein, frodig vegetasjon og tilsatt på god ryddast langs Supphelleelvi.

Frodige kyr og bussen venta oss i bygda, og vi kunne nøgde og uskadd vende heim til Veitastrond, Sogn og Sunnfjord med nye gode inntrykk. På denne ferdelsvegen hadde folk børe tunge bærer mellom desse bygdelaga. Og såleis halde liv i folk og bygd til glede for oss etterkomarane. For oss, som berre i kortbukse og med lett sekk kunne nyte desse vakre velstelte bygdene med storslagen natur og berre minnast slitet dei har hatt.

Astrid Kalstveit, informasjonssekretær Sogn og Fjordane Turlag



Hestagrend. Sij.

Fotogr. D. Reiakvam.

II VI SER TILBAKE

GAULAR: Dette Reiakvam-biletet frå midt i 1950-ara hadde vi med for ei lita veke sidan, men då vart det diverre ei forveksling med namn, og vi tek det med att i dag. F. v. ser vi skulen

som var i bruk som skulehus fram til 1962. Nærast den ligg bygningane i tunet til Olav Vågen, ikkje Teigen, som vi skreiv. Teigen var namnet på husmannsplassen t. h. for Vågen sine hus.

Siste husmannen som budde her var Jens Kirkeli, og han døydd i 1954. I høgre biletkant ser vi våningshus, butikk og løy til Albert Kirkeli.



PAUSE: Samling i skaret før nedstigning til Supphelledalen i Fjærland.